



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2014/2374-14

Vår ref  
18/2258-5

Dato  
6. februar 2019

### **Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad**

Vi viser til brevet dykkar av 30. april 2018, der de ber om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av ferjesambandet Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad. Samferdselsdepartementet stadfesta i brev av 11. mai 2018 til fylkeskommunen at prosjektet kjem inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjesamband, jf. punkt 4.1 i retningslinene.

#### **Berekning av ferjeavløysingsmidlar**

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av et vegprosjekt. Tapet blir berekna ved å sjå på nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 og 5.2 i retningslinene). Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gje ein lågare verdi på kriteriet "normerte ferjekostnader" i båt- og ferjenøkkelen, mens det nye vegnettet vil gje auka verdi på kriteria "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald" og "veglengde". Ferjeavløysingsmidlane blir altså berekna som nettoeffekten i utgiftsutjamninga av desse endringane.

I brevet frå fylkeskommunen er det lagt til grunn delvis sjøfylling og bru mellom Lerøy og Bjelkarøy. For vegen mellom Bjelkarøy og Hjellestad er det lagt til grunn to alternativ: bru eller undersjøisk tunnel. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har rekna ut overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar for begge alternativa med utgangspunkt i inntektssystemet og kriteriedata for 2019. Berekningane viser at om det ligg føre ein endeleg søknad i løpet av 2019 kan innkorting av ferjesambandet Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Hjellestad utløyse 0,899 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar, om strekninga Bjelkarøy-Hjellestad blir avløyst av

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar  
Sissel Ferstad  
22 24 67 06

bru. Om strekninga Bjelkarøy-Hjellestad blir avløyst av undersjøisk tunnel vil det nye vegnettet utløyse eit høgare beløp i utgiftsutjamninga enn innspart beløp ved innkortinga av ferjesambandet, og dimed ikkje utløyse ferjeavløysingsmidlar. Sjå vedlagt dokumentasjon for nærare informasjon om prinsippa for utrekning av ferjeavløysingsmidlar og talgrunnlaget som er brukt i utrekninga.

Vi presiserer at dette er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa av om prosjektet kjem inn under ordninga. Faktisk beløp og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut når fylkeskommunen har sendt endeleg søknad og Samferdselsdepartementet har fatta endeleg vedtak i saka. Utrekninga er basert på alternativa for ny veg som vist i brev frå fylkeskommunen av 30. april 2018, og kan endre seg om det skjer vesentlege endringar i vegtypen i prosjektet. Eventuelle endringar i ferjeavløysingsordninga, inntektssystemet og/eller kriteriedata kan òg ha konsekvensar for utrekninga av ferjeavløysingsmidlane. Endeleg utrekning kan difor gje eit anna resultat.

### **Vidare prosess**

Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut etter at fylkeskommunen har sendt endeleg søknad (jf. punkt 4.3 til 4.5 i retningslinene) og når Samferdselsdepartementet har handsama saka endeleg (jf. punkt 4.6 i retningslinene). Krava til endeleg søknad kjem fram av brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 13. juni 2017.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Sissel Ferstad  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Samferdselsdepartementet